

Protokoll frå føretaksmøte

# Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

**28. april 2011**



DET KONGELEGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

## **Innhold**

<b>Sak 1</b>	<b>Føretaksmøtet blir konstituert.....</b>	<b>1</b>
<b>Sak 2</b>	<b>Dagsorden .....</b>	<b>1</b>
<b>Sak 3</b>	<b>Spesialisthelsetenestetilbudet i Helse Førde HF og Helse Fonna HF.....</b>	<b>2</b>

---

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Torsdag 28. april 2011 kl. 15.30 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

### Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Spesialisthelsetenestetilbodet i Helse Førde HF og Helse Fonna HF

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Statssekretær Tord Dale

### Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Nestleiar Aud Berit Alsaker Haynes

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Kjartan Longva

### Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

### Også til stades

Fung. ekspedisjonssjef Frode Myrvold

Ekspedisjonssjef Bjørn Erikstein

Spesialrådgjevar Kristin Lossius

Seniorrådgjevar Vidar Kårikstad

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Helga Hee Moen.

### Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Statssekretær Tord Dale ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og leste opp fullmakt frå statsråden. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovlig sett.*

### Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsendte dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Dagsorden er godkjent.*

**Sak 3 Spesialisthelsetenestetilbodet i Helse Førde HF og Helse Fonna HF***Oppfølging av regionale fødeplanar*

Det vart vist til tilleggskdokument til oppdragsdokumentet for 2009 der dei regionale helseføretaka, med bakgrunn i St. meld. nr. 12 *En gledelig begivenhet* jfr. Innst. S. nr. 240 (2008-2009), fekk i oppdrag å utarbeide ein fleirårig heilskapleg og lokalt tilpassa plan for fødetilbodet i regionen saman med berørte kommunar. *Regional plan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i Helse Vest* vart handsama i styret for Helse Vest RHF 1. desember 2010. For ei heilskapleg tilbakemelding frå Helse- og omsorgsdepartementet om innhaldet i planen, vart det vist til at dette vil bli gitt i eit eget brev frå departementet til Helse Vest RHF.

Helsedirektoratet har gitt ut rettleiaren *Et trygt fødetilbud – Kvalitetskrav til fødselsomsorgen*. Rettleiaren stiller krav til seleksjon av fødande, bemanning og kompetanse ved fødeinstitusjonar. Rettleiaren skal leggjast til grunn i det vidare arbeidet med organisering av fødetilbodet i Helse Vest RHF. Helsedirektoratet tilrår i rettleiaren at modellen med forsterka fødestover vert avvikla. Grunngevinga for dette er at modellen har vist seg å være uklar med omsyn til kriteriar for seleksjon og ansvarsforhold, og at forsterka fødestover i mange tilfelle er avhengige av vikarar for å oppretthalde drifta.

Helse Vest RHF sitt planarbeid er og skal vere i tråd med Helsedirektoratet sine kvalitetskrav. Som følgje av dette blir det i den regionale planen foreslått å gjere endringar i fødetilbodet i Odda, Lærdal og Nordfjordeid.

*Spesialisthelsetenestetilbodet ved Helse Fonna HF, Odda sjukehus*

Føretaksmøtet la til grunn at den forsterka fødestova i Odda vert gjort om til ordinær jordmorstyrt fødestove i tråd med Helsedirektoratet si tilråding, jf styret sitt vedtak i sak 124/10B, 1. desember 2010. I forbindelse med ei slik omlegging skal det gjerast ein gjennomgang av kva for nye funksjonar som skal leggjast til sjukehuset, og ei vurdering av om Odda sjukehus bør bli overført til Helse Bergen HF.

*Spesialisthelsetenestetilbodet i Helse Førde HF*

Helse- og omsorgsdepartementet har i brev datert 15. desember 2010 fått oversendt vedtak frå styret for Helse Vest RHF i sak 123/10B, 1. desember 2010 - *Modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde*. Saka omfattar det framtidige tilbodet ved sjukehusa i Lærdal og Nordfjordeid og spesialisthelsetenestetilbodet i Florø. Helse- og omsorgsdepartementet har vurdert om dei vedtaka som er gjort er omfatta av lov om helseforetak § 30, og om vedtaka er i tråd med regjeringa sin politikk og Stortinget sine føringar.

*Fødetilbodet ved Lærdal sjukehus.*

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF vedtok 18. juni 2003 å gjera om fødeavdelinga i Lærdal til ei jordmorstyrt fødestove med beredskap for naudkeisarsnitt. Styret for Helse Vest RHF vedtok i

sak 123/10B, 1. desember 2010, å leggje ned den forsterka fødestova i Lærdal og oppretta eit poliklinisk tilbod for gravide, og bad samstundes om at vedtaket frå føretaksmøtet 18. juni 2003 vert oppheva.

Fødestova i Lærdal har vore avhengig av vikarordningar for lækjarar og jordmødre, og har hatt relativt få fødsjar. Føretaksmøtet så at Helse Vest RHF sitt vedtak er i tråd med Helsedirektoratet sine kvalitetskrav, og at det ut frå ei ressursmessig og fagleg vurdering er gode argument for at den forsterka fødestova vert lagt ned. Disse omsyna må likevel vurderast i forhold til omsynet til avstandar og kommunikasjonar i området og behovet for eit nært fødetilbod for kvinner frå indre Sogn. På bakgrunn av dette fant føretaksmøtet at den forsterka fødestova i Lærdal vert gjort om til ei ordinær jordmorstyrt fødestove dersom ein evnar å rekruttere fast tilsette jordmødre i samarbeid med kommunane i Sogn. Dersom dette ikkje lukkast, skal det etablerast eit barseltilbod og eit poliklinisk tilbod for gravide i Lærdal som inkluderar følgjeteneste.

#### Fødetilbodet ved Nordfjord sjukehus

Når det gjelder fødetilbodet ved Nordfjord sjukehus, inneber styret for Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 123/10B, 1. desember 2010, at det skal etablerast ei felles fødeavdeling for Nordfjordeid og Volda, lokalisert i Volda. På denne måten kan ein i større grad sikre eit føreseieleg tilbod og stabil bemanning. Føretaksmøtet delte Helse Vest RHF si vurdering av at ei felles fødeavdeling for Nordfjord og Volda vil kunne gi eit kvalitetsmessig godt og føreseieleg fødetilbod for fødande i området. Føretaksmøtet vurderte endringane i reisetid for fødande i området som akseptable. Endringane skal ikkje setjast i verk før Kvivsvegen opnar hausten 2012. På grunn av bemanningssituasjonen ved dei to fødeavdelingane i dag, var det føretaksmøtet si vurdering at det straks skal setjast i gang eit arbeid for å rekruttere gynekologar.

Styret for Helse Vest RHF har som eit alternativ til felles fødeavdeling i Volda vedteke at dersom kommunane i Nordfjordregionen samla ber om ei jordmorstyrt fødestove, er Helse Vest RHF innstilt på å leggje til rette for det. Viss ikkje, skal det etablerast eit poliklinisk tilbod for gravide ved Nordfjord sjukehus. Føretaksmøtet la til grunn Helse Vest RHF si vurdering av at ei jordmorstyrt fødestove må ha lokal forankring. Med bakgrunn i ønsket om å kunne tilby ein del av de fødande eit nært fødetilbod og omsynet til lokale arbeidsplassar, var det føretaksmøtet si vurdering at det skal gjennomførast ein lokal forankringsprosess for å etablere ei jordmorstyrt fødestove i Nordfjordeid.

#### Ortopeditilbodet ved Lærdal og Nordfjord sjukehus

Styret for Helse Førde HF har peika på ein overkapasitet i helseføretaket innan fagområdet ortopedi. For å få ned kapasitet og kostnader har det vore utgreia å samle all elektiv ortopedi til Førde sentralsjukehus. Styret for Helse Vest RHF vedtok i sak 123/10B, 1. desember 2010, å leggje ned ortopeditilbodet i Nordfjord og vidareføre tilbodet i Lærdal som ei overgangsordning. Føretaksmøtet la til grunn Helse Førde HF og Helse Vest RHF sine vurderingar av at ortopeditilbodet i Helse Førde bør samlast på færre einingar.

#### Indremedisinsk akuttberedskap ved Lærdal og Nordfjord sjukehus

Både Lærdal og Nordfjord sjukehus har indremedisinsk akuttberedskap i dag. Føretaksmøtet la til grunn at den indremedisinske akuttberedskapen oppretthaldas som i dag. Det er avgjerande at det indremedisinske akutttilbodet er føreseieleg og godt kommunisert til fastlækjarar og publikum.

Medisinske støttefunksjonar ved Lærdal og Nordfjord sjukehus

Styret for Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 123/10B, 1. desember 2010, legg til grunn at det skal vera døgntilgjengelige tenester innan radiologi og tilgjengelige laboratorietenester kvardagar kl. 8 - 22. Føretaksmøtet presiserte viktigheten av at lokalsjukehusa kan leggje til rette for rask og effektiv diagnostikk. Radiologi og laboratorietenester skal med bakgrunn i dette vere tilgjengelige heile døgnet.

Utviklingsprosjekt for Nordfjord sjukehus

Helse- og omsorgsdepartementet har bestemt å opprette eit nasjonalt prosjekt ved Nordfjord sjukehus for å utvikle sjukehuset som eit tidsmessig lokalsjukehus for Nordfjord. Prosjektet vil omfatte ny pasientretta aktivitet, investeringar, kompetansehevingstiltak og vil ha eit prosjekt for følgjeforskning knytt til seg. Prosjektet skal utviklast i samarbeid med kommunane i Nordfjord-området og ha eit samhandlingsperspektiv. Med atterhald om Stortinget si tilslutning, vil prosjektet bli tilført 25 mill kr. årleg i tre år som særskilt tilskott til Helse Vest RHF. Midla skal i hovudsak nyttast til investeringar, kompetansehevande tiltak, evaluering og lokal administrasjon av prosjektet. Ein legg til grunn at prosjektet vil skape varig aktivitet. Det skal opprettast ein ruseining ved sjukehuset i Nordfjordeid. Ei utviding av psykiatritilbodet skal også vurderast.

Helse- og omsorgsdepartementet vil be Helse Vest RHF om å gjennomføre eit forprosjekt i samarbeid med tilsette og brukarar ved sjukehuset og med kommunar i området for å gi innspel til prosjektmandatet innan 10. juni 2011. Oppdrag til Helse Vest RHF vedrørende prosjektet, vil bli gitt etter Stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2010-2011.

Oppretting av lokalmedisinsk sentra for Sogn og Nordfjord

Helse Vest RHF skal medverke til å opprette lokalmedisinske sentra for Sogn og Nordfjord i samarbeid med kommunane.

Vidare utvikling av spesialisthelsetenestetilbodet i Florø

Føretaksmøtet meinte det vil vera riktig å sjå spesialisthelsetenestetilbodet i Florø i samanheng med samhandlingsreforma og målet om å leggja tenester nær brukarane og vil difor kome tilbake til dette i det ordinære føretaksmøtet i januar 2012.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet stadfester styret for Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 123/10B, 1. desember 2010, vedrørende samanslåing av fødeavdelingane ved Nordfjord og Volda og lokalisering av den felles fødeavdelinga til Volda med følgjande tillegg: Samanslåinga skal først setjast i verk når Kvivsvegen opnar. Det skal gjennomførast ein lokal forankringsprosess for å etablere ei jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus.*

*Føretaksmøtet opphever vedtak i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 18. juni 2003 om etablering av forsterka fødestove i Lærdal. Føretaksmøtet endrar vedtak i Helse Vest RHF i sak 123/10B, 1. desember 2010, slik at den forsterka fødestova ved Lærdal sjukehus vert gjort om til jordmorstyrt fødestove dersom ein evnar å rekruttere fast tilsette jordmødre i samarbeid med kommunane i Sogn. Dersom ein ikkje lukkast med rekruttering til jordmorstyrt fødestove, skal det i tråd med*

---

*vedtak i styret for Helse Vest RHF etablerast eit poliklinisk tilbod for gravide i Lærdal som inkluderer følgjeteneste, og eit barseltilbod ved sjukehuset.*

*Føretaksmøtet endrar styret for Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 123/10B, 1. desember 2010, slik at ortopeditilbodet ved Lærdal sjukehus vert oppretthaldt og vurderast styrka.*

*Føretaksmøtet legg til grunn at indremedisinsk akuttberedskap ved Lærdal og Nordfjordeid sjukehus oppretthaldas som i dag.*

*Føretaksmøtet endrar styret for Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 123/10B, 1. desember 2010, slik at det vert etablert døgntilgjengelige laboratorietenester ved Lærdal og Nordfjord sjukehus.*

*Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF skal medverke til å opprette lokalmedisinske sentra for Sogn og Nordfjord i samarbeid med kommunane.*

Møtet vart heva kl. 15.46

Oslo, 28. april 2011



Tord Dale



Oddvard Nilsen